



Til

Lindås kommune
Byggesaksavdelinga
5914 Isdalstø

Gjenpart til:

Vår ref

Deres ref

Dato

2019012_gnr94_del_bnr1_parkeringsplass_folgebrev_soknad.docx

26.06.2019

PARKERINGSPLASS V/SKODVIN MONTESSORISKULE

SAK: REVIDERT SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK

Viser til Dykkar brev av 11.06.2019 med referanse 18/3902-19/18201.

Kommunikasjonen har kanskje ikkje vore opitmal i denne sak. Frå vår side vart det sendt ein epost til kommunen 26.02.2019. Den vart sendt for å få avklart alternativ avkjørsel samt avklart kva som var naudsynt av dokument basert på at tiltaket var i samsvar med overordna plan. Vi fekk aldri svar på denne eposten, før vi får dykkar brev av 11.06.2019.

AVKJØRSEL - PLASSERING

Avkjørsel vert plassert i samsvar med opprinneleg løyve. Sjå vedlagt situasjonsplan.

PARKERINGSPLASS

Parkeringsplass vert plassert innanfor område avsett til parkering i kommuneplan. Dvs den er i samsvar med overordna plan. Sjå D1 side 1 og side 2.

SVAR PÅ PUNKT I BREV AV 14.01.2019

Pkt 1 Nabovarsel av gnr 94/bnr 2, 8 og 10.

Sjå vedlegg D side 3 for oversikt/kart

- Gnr 94 bnr 2 - Heime: Lindbjørg M.T. Bøgevik. Grenser ikkje til tiltaket og vert heller ikkje berørt av tiltaket.
- Gnr 94 bnr 8 – Gjelder eksisterande parkeringsplass på skulen – sjå kart. Vanskeleg å sjå behov for nabovarsel.
- Gnr 94 bnr 10 er areal til FV 57.
 - Knytt til at avkjørsla er frå kommunal veg, og at kommunen har gjeve løyve til avkjørsel, ser ein ikkje behov for å senda nabovarsel til Statens Vegvesen.
 - Parkeringsplassen endrar ikkje trafikkmengde, den løyse berre problemet med å parkera på ein trafikktrygg måte ved skulen.
 - Tiltaket reduserer parkering langs FV 57.

Samla vurdering er at det ikkje er turvande å senda nabovarsel.



Pkt 2 Teikingar

Sjå vedlegg D1 side 1 og side 2.

Pkt 3 Plassering opp mot kommuneplan/føremål

Viser til D1 side 1 og 2. Tiltaket er plassert i samsvar med føremål i kommuneplanen. Det er ikke naudsynt med dispensasjonssøknad.

PKt 4 Ansvarsrettar

Sjå vedlagte dokument

- Søknad om tiltak
- Søknad om ansvarsrettar/erklæring om ansvar
- Gjennomføringsplan

Vi vonar at dette gjev grunnlag til å handsama sak.

Skulle noko mangla, eller noko er uklart, ring eller send ein epost.

Venleg helsing
for



Atle Utkilen

Dagleg leiar

Tlf 97067161 / atle@adu.no